

[*Trond Ekornrud*]

**[Arbeidsgrupperapport for psykisk helsearbeid
og rusarbeid i kommunane 2021]**

Innhold

Innhold	2
Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane	3
1 Innleiing	3
2 Oppsummering og anbefaling	4
2.1 Oppsummering	4
3 Vidareutvikling av publiseringa.....	5
3.1 Endring av variablar	5
3.2 Ytterlegare om vidareutvikling av publiseringa	7
4 Ønska endringar i kontoplanen (funksjon og art).....	7
4.1 Forslag til endring	7
4.2 Bakgrunn for ønska endring	8
5 Ønska endringar i skjema/filuttrekk	8
5.1 Forslag til endring	8
5.2 Bakgrunn for ønska endring	9
5.3 Administrative register	9
6 Evaluering av siste rapportering	9
6.1 Utarbeiding av skjema	10
6.2 Kontrollar i skjema	10
6.3 Innsamling av data (rapportering)	11
6.4 Bearbeiding/revisjon og kontroll	11
6.5 Publisering	11
6.6 Brukarreaksjonar	13
7 Anna.....	13
7.1 Målgrupper i heimetenesta, fordeling av utgifter etter målgrupper på funksjon 254 og ny heimetenestekartlegging	13
8 Referansar	14
9 Vedlegg.....	14

Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane

1 Innleiing

Arbeidsgruppa har ansvar for heilskapleg vurdering av datainnsamling og publisering i KOSTRA på området psykisk helsearbeid og rusarbeid. Gruppa sitt ansvarsområde er ikkje knytt til bestemte rekneskapsfunksjonar og går på tvers av etablerte KOSTRA-område. I møtet til Samordningsrådet i september 2012 blei gruppa likevel gitt mandat til å utreia innhald i KOSTRA-funksjon 243 «Tenester til personar med rusmiddelproblem». Det er naturleg å sjå ei slik utreiing i samband med tilsvarande utreiing for KOSTRA arbeidsgruppa for helse- og omsorg når det gjeld moglegheiter for eventuell oppsplitting på målgrupper av KOSTRA-funksjon 254 «Helse- og omsorgstenester til heimebuande». Innanfor heimetenestefunksjonen vil både psykisk helsearbeid og rusarbeid vera sentrale.

Arbeidsgruppa har vidare ein koordinerande funksjon overfor andre KOSTRA-arbeidsgrupper når det gjeld problemstillingar knytt til psykisk helsearbeid og rusarbeid. Arbeidsgruppa samarbeider tett med KOSTRA-arbeidsgruppene for helse- og omsorgstenester, sosialtenester, barnevernstjenester og kommunale bustader/bustadverkemidlar med sikte på å betra datagrunnlaget på området.

Arbeidsgruppa si samansetjing per 2018:

Helsedirektoratet, Avd. statistikk	Kirsti Strand
Helsedirektoratet, Avd. psykisk helse og rus	Thor Hallgeir Johansen
Helse- og omsorgsdepartementet	Tore Sørensen
Husbanken	Hermund Urstad
NAV	
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Jens Kristian Jebsen
Folkehelseinstituttet	Lars Johan Hauge
KS	Anne Jensen
Stavanger kommune, Budsjett og økonomistyring	Margrete Rosseland
Nøtterøy kommune, Teneste for psykisk helse og rus	Lena Sjølie
Holmestrand kommune	Janne Visnes Melgaard
(Fylkesmannen i Buskerud tom. 2016)	Marit Engen (psykisk helserådgivar)
(Fylkesmannen i Vestfold tom. 2016)	Inge Bendik Sandvold (rådgivar rusarbeid)
SSB, Seksjon for helsestatistikk	Linda M. Allertsen
SSB, Seksjon for helsestatistikk	Dag Abrahamsen (vara: Trond Ekornrud)
SSB, Seksjon for offentlege finansar	Anni Fretheim

Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte hausten 2020 eller våren 2021. Det blei i 2018 fatta avgjersle om leggja arbeidsgruppa på is med moglegheit til å vekka ho opp att straks det er behov. I mellomtida driftar SSB statistikkområdet vidare. Ei av hovudårsakene til at gruppa ikkje har vore aktiv dei siste åra er at ein har venta på avklaring i ASSS-nettverket på arbeidet med å splitta KOSTRA-funksjon 254 heimetenesta på målgrupper. Oppfølging av denne saka har blitt gjennomført av KOSTRA-arbeidsgruppa for kommunale helse- og omsorgstenester medan denne arbeidsgruppa har vore inaktiv.

Denne saka er framleis ikkje ferdigstilt. Planen er at KS vil leggja fram fordelar og ulemper med ulike splittingar av funksjonen på møtet i Samordningsrådet til

hausten, og at det på slutten av 2021 blir publisert ein rapport frå heimetenestekartlegginga basert på KOSTRA skjema 6.

SSB ventar til ein ser resultata frå desse arbeida før ein avgjer framtida til arbeidsgruppa. Her blir det viktig at Helsedirektoratet og SSB, samt andre relevante aktørar som KOSTRA arbeidsgruppe for sosialtenester kjem i lag og avklarar dette.

2 Oppsummering og anbefaling

2.1 Oppsummering

Følgjande blir omtala i rapporten:

- Presentasjon av tabellane utvalde nøkkeltal – psykisk helsearbeid og rusarbeid og psykisk helsearbeid nøkkeltal og grunnlagstall publisert 15.juni
- Presentasjon av nye og utgårte variablar og nøkkeltal for 2020-årgangen
- Evaluering av rapportering og publisering for statistikkåret 2020
- Status om arbeidet med å fordela utgifter på funksjon 254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande etter målgrupper
- Nytt lovkrav om psykologkompetanse i kommunane og moglegeheitene for å utvida statistikken med variablar og nøkkeltal knytt til psykologårsverk og psykologkompetanse i kommunane
- Rusomsorgsinstitusjonar
 - flytting av utgifter frå f243 til f253
 - inkludera alle rusomsorgsinstitusjonar i KOSTRA skjema 5

Fordi arbeidsgruppa ikkje har ansvar for rapportering av KOSTRA-skjema, er det ikkje relevant å evaluera førra års rapportering på same måte som for andre arbeidsgrupper. Grunna dette inneheld kapittel 6 berre tilvising til Helsedirektoratet sitt rapporteringsskjema utanfor KOSTRA. SINTEF har frå og med 2015, i tillegg til rapportering av psykisk helsearbeid i kommunane, også ansvar for rapportering av rusarbeid i kommunane.

To nye statistikkbanktabellar og Kommunefakta for psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane, med samanstilte indikatorar på området, blei for første gang publisert 15.juni 2018 for årgangane 2015-2017. I 2021 blei tabellane oppdaterte med tal for 2020-årgangen ved den førebelse publiseringa 15.mars og den endelige publiseringa 15.juni. Grunna endring i rapportering og publisering i KOSTRA-skjema 13 Kommunale bustader, blei to nye variablar lagt til for 2020-publiseringa. Desse erstatta variablar som var blitt publisert fram t.o.m. 2019-årgangen.

Statistisk sentralbyrå gjennomførte hausten 2014 ei eiga kartlegging for å samla informasjon om målgrupper for alle einingar i kommunane si heimeteneste, med utgangspunkt i organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Ei tilsvarande kartlegging blei gjennomført våren 2021 (KOSTRA-skjema 6).

KS sitt storkommunenettverk ASSS har med utgangspunkt i kartlegginga frå 2014 arbeida med å fordela utgifter på funksjon 254 Heimetenester etter målgrupper. Status for arbeidet med fordelinga av utgifter og innhaldet i den planlagde nye kartlegginga er nærmare omtala i kapittel 7.1.

3 Vidareutvikling av publiseringa

Psykisk helsearbeid og rusarbeid publiserte førebelse tal for 2020 i statistikkbanken 15. mars. Endelege tal for 2015-2020 blei publisert i statistikkbanken i 15.juni. Her blir det publisert to tabellar:

- Utvalde nøkkeltal for psykiske helsearbeid og rusarbeid i kommunane (www.ssb.no/tabell/12229)
- Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane – grunnlagstal (www.ssb.no/tabell/12228)

Psykisk helse og rus har også eit eige område i KOSTRA-nøkkeltal/kommunefakta (<https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra>).

3.1 Endring av variablar

I samband med publiseringa av 2020-årgangen blei følgjande nye variablar publiserte:

I tabellen 12228 Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunene – grunnlagstall:

- *Nyinnflyttede med psykiske lidelser og/eller rusmisbrukere (antall)*
- *Personer med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere, på venteliste (antall)*

I tabellen 12229: Utvalgte nøkkeltall for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- *Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser og / eller rusmisbrukere (prosent)*
- *Andel med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)*

Desse er henta frå KOSTRA-skjema 13 Kommunale bustader og erstatta følgjande variablar f.o.m. 2020-publiseringa:

I tabellen 12228 Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunene – grunnlagstall:

- *Nyinnflyttede med psykiske lidelser (antall)*
- *Nyinnflyttede som er rusmiddelmisbrukere (antall)*
- *Nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med en psykisk lidelse (antall)*
- *Personer med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*

I tabellen 12229: Utvalgte nøkkeltall for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- *Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)*
- *Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*

3.1.1 Fjerning av eksisterande variablar

Følgjande variablar blei ikkje oppdatert med 2020-tal ved publiseringa i 2021:

I tabellen 12228 Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunene – grunnlagstall:

- *Nyinnflyttede med psykiske lidelser (antall)*
- *Nyinnflyttede som er rusmiddelmisbrukere (antall)*
- *Nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med en psykisk lidelse (antall)*

- *Personer med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*

I tabellen 12229: Utvalgte nøkkeltall for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- *Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)*
- *Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*

Desse tala blei henta fra KOSTRA-skjema 13 Kommunale bustader og inngjekk ikkje lenger i rapporteringa for 2020-årgangen.

3.1.2 Nye variablar

I samband med publiseringa av 2020-årgangen blei følgjande nye variablar publiserte:

I tabellen 12228 Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunene – grunnlagstall:

- *Nyinnflyttede med psykiske lidelser og/eller rusmisbrukere (antall)*
- *Personer med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere, på venteliste (antall)*

I tabellen 12229: Utvalgte nøkkeltall for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- *Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser og / eller rusmisbrukere (prosent)*
- *Andel med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)*

Desse tala blei henta fra KOSTRA-skjema 13 Kommunale bustader og inngjekk i rapporteringa for første gong f.o.m. 2020-årgangen.

3.1.3 Endring av innhold i allereie eksisterande variablar

I SSBs registerbaserte sysselsettingsstatistikk er det gjort oppdateringar av metodane mellom anna knytt til berekning av årsverk for sjølvstendig næringsdrivande. I samband med dette blei alle variablar og indikatorar som inneheldt årsverk oppdaterte for alle årgangar (2015-2020) ved den førebelse publiseringa 15.mars 2021.

Dette gjeld for følgjande variablar i tabell 12228: Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane – grunnlagstall:

- Avtalte årsverk av psykiatriske sykepleiere (årsverk)
- Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid (helse og sosial) (antall)
- Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid (helse og sosial) (antall)

Dette gjeld for følgjande variablar i tabellen 12229: Utvalde nøkkeltal for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)
- Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)

- Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)

Justeringane i metoden har ikkje fått store konsekvensar for tala på dette området. Endringane for dei ulike årgangane er minimale.

3.2 Ytterlegare om vidareutvikling av publiseringa

I samband med publiseringa av statistikken for KOSTRA helse- og omsorgstenesta 15. juni blei følgjande variablar/nøkkeltal publisert for årgangane 2015-2020 i tabellen 12191: Kommunehelse - supplerande grunnlagstal og nøkkeltal:

- *Psykologer i den kommunale helse- og omsorgstjenesten (årsverk)*
- *Psykologer i den kommunale helse- og omsorgstjenesten per 10 000 innbyggere (årsverk)*

Psykisk helsearbeid og rusarbeid-området planlegg å publisera tilsvarande variablar/nøkkeltal i sine tabellar f.o.m. den førebelse publiseringa i mars 2022.

3.2.1 Organiseringa av kommunal tenesteproduksjon

Ikkje relevant.

4 Ønska endringar i kontoplanen (funksjon og art)

Arbeidsgruppa for KOSTRA helse- og omsorg har fremja eit forslag om å flytta utgiftsføring av rusomsorgsinstitusjonar frå f243 Tilbod til personar med rusproblem til f253 Helse- og omsorgstenester i institusjon.

4.1 Forslag til endring

Arbeidsgruppa for helse- og omsorg føreslår følgjande for utgifter til rusomsorgsinstitusjonar i funksjon 243:

Utgifter til rusomsorgsinstitusjonar heimla i forskrift for helse- og omsorgstenester føreslår ein at blir flytta frå *f243 Tilbod til personar med rusproblem* til *f253 Helse- og omsorgstenester i institusjon*.

Vidare innhald i f243 er det naturleg at KOSTRA arbeidsgruppa for sosialtenester gjennomgår så snart som mogleg, både med omsyn til kva for nokre tenester som skal inngå og ei oppdatering av omgrepss bruk. Dersom det framleis står att tenester som fell inn under helse-omsorg iht. lovverk, må også desse flyttast. KOSTRA arbeidsgruppe for helse-omsorgstenester ser det ikkje som naturleg at sosialtenester knytt til denne målgruppa skal overførast. For å unngå misforståingar, kan ein vurdera å endra benemning på KOSTRA-funksjon f243 til t.d. *Sosialtenester til personar med rusproblem*.

4.2 Bakgrunn for ønska endring

- Dagens kontorettleiar for f243/253 er ikkje i samsvar med gjeldande lov/forskrift
- Rusomsorg i institusjon ligg under ansvarsområde for Helse- og omsorgsdepartementet, ikkje Arbeids- og sosialdepartementet
- Oslo kommune har f.o.m. 2020 rapportert sine brukarar av rusomsorgsinstitusjonar i IPLOS-KPR, fordi ein følgjer lovgjevinga med heimling av enkeltvedtak iht. helse- og omsorgstenestelova.
 - Rapportering av utgifter bør vera konsistent med brukarregistrering, og dermed bør f253 nyttast.
- Dagens innretning inneber store utfordringar i analyse av tala, bl.a.:
 - Det er uviss i kva grad dei 15 kommunane, som har registrert brukarar på rusomsorgsinstitusjonar på f253, fører utgifter på rusomsorgsinstitusjonar på f243
 - Utan følgje av utgifter til rusomsorgsinstitusjonar på f253 gir brukartala for låge einingskostnader

Ved gjennomslag for endringa vil arbeidsgruppene for sosialtenester og helse- og omsorg drøfta ordlyd relatert til helse-omsorg i funksjon f243 og f253 . SSB følgjer opp mot dei 15 aktuelle kommunane for å sikra korrekt registrering av utgifter, årsverk og brukarar.

For utdjuping, sjå kapittel 4 og vedlegg 9.1. i arbeidsgrupperapporten til KOSTRA helse- og omsorg.

5 Ønska endringar i skjema/filuttrekk

Arbeidsgruppa har ikkje ansvar for eit eige skjema i KOSTRA, og har heller ikkje føreslått endringar i skjema for neste års rapportering der andre KOSTRA-arbeidsgrupper er ansvarlege.

Det kan bli aktuelt med endringar i skjema i framtida, t.d. om lågterskeltilbod for personar med psykiske lidningar og/eller rusproblem og når det gjeld fordeling av utgifter for funksjon 254 helse- og omsorgstenester til heimebuande etter målgrupper. I tillegg vil nye spørsmål i KOSTRA-skjema 1 Personell og verksemld i den kommunale helse- og omsorgstenesta om psykologkompetanse i kommunane, kunna danna grunnlag for nye variablar og nøkkeltal publiseringa for psykisk helsearbeid og rusarbeid i framtida. Dette må vurderast før publiseringa av 2021-årgangen før den førebelse publiseringa 15.mars 2022, i samråd med arbeidsgruppa for KOSTRA helse- og omsorg.

Arbeidsgruppa for KOSTRA helse- og omsorg har også føreslått å inkludera rusomsorgsinstitusjonar i innsamling av helse- og omsorgsinstitusjonar via KOSTRA-skjema 5 f.o.m. 2021-årgangen. For meir, sjå punkt 5.6 i arbeidsgrupperapporten til helse- og omsorg.

5.1 Forslag til endring

Det er ingen forslag til endringar frå arbeidsgruppa, men forslag til endringar i skjema innanfor KOSTRA helse- og omsorg kan resultera i nye variablar og nøkkeltal for dette området i framtida. Sjå punktet ovanfor.

5.2 Bakgrunn for ønska endring

Ikkje relevant.

5.3 Administrative register

SSB publiserer tre årsverksindikatorar på området med a-ordninga som hovuddatakjelde. Dette er følgjande:

- Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+ply)
- Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial)
- Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial)

I tillegg blei det publisert årsverk for psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta i KOSTRA helse- og omsorgsstatistikken i 2021. Ein kjem til å vurdera om desse tala skal publiserast i tabellane til psykisk helse og rusarbeid f.o.m. publiseringa i mars 2022.

Ved den førebelse publiseringa 15. mars 2021 blei alle årsverk henta frå register oppdatert for årgangane 2015-2020. Bakgrunnen er ei oppdatering av metode for å rekna ut årsverk for sjølvstendig næringsdrivande. Dette har ført til minimale justeringar for årsverkstala for psykisk helse og rusarbeid.

6 Evaluering av siste rapportering

Arbeidsgruppa for psykisk helsearbeid og rusarbeid har ikkje ansvar for eiga datainnsamling. Eit av føremåla med å oppretta gruppa var i si tid å redusera kommunane si samla rapporteringsbyrde. Helsedirektoratet har sidan byrjinga av Opptrappingsplanen i 1998 gjennomført eiga rapportering utanom KOSTRA på psykisk helsearbeid (IS-24), og frå og med 2010 tilsvarande på det kommunale rusfeltet (IS-8).

SINTEF har, på vegne av Helsedirektoratet, sidan 2007 samla inn årleg årsverkstal innanfor psykisk helsearbeid frå alle landets kommunar. I 2015 overtok SINTEF også rapporteringa for rusarbeid (tidlegare IS-8), og tidlegare IS-8 og IS-24 er nå slått saman til ei rapportering og ein rapport IS-24/8. Dataa som blei samla inn på vårparten 2017, blei publisert i desember 2017. I 2015 og 2016 var det valfritt for kommunane om dei ville rapportera årsverk innanfor psykisk helse og rus kvar for seg, eller saman. I 2016 hadde 90 prosent av kommunane valt å rapportera felles for psykisk helse og rusarbeid for vaksne og 87 prosent for barn og unge. I 2017 blei valet om separert innrapportering teke bort, og alle kommunane har etter det rapportert årsverka felles for psykisk helse og rusarbeid.

I 2020 var det 294 kommunar/bydelar som har rapportert. Det utgjer 79 prosent av alle kommunar/bydelar. For kommunane som ikkje har rapportert inn er det blitt nytta 2019-tal. Årsaka til at ikkje alle kommunar/bydelar har rapportert inn kjem i all hovudsak av koronapandemien og andre oppgåver som måtte prioriterast.

Det blei rapportert om lag 16 600 årsverk totalt i 2020. I underkant av 13 000 årsverk for vaksne, og i overkant av 3 600 for barn- og unge. Frå 2019 til 2020 auka talet på årsverk i kommunalt psykisk helse- og rusarbeid totalt med om lag 1 prosent, fordelt på 2,2 prosent auke i tenester til barn og unge og ein auke på 0,7 prosent i tenester til vaksne. Tek ein omsyn til befolkningsutviklinga frå 2019 til 2020, fann dei ein auke frå 31 til 32 årsverk per 10 000 innbyggjarar retta mot barn og unge, og inga endring i årsverk i tenester retta mot vaksne.

I tenester til vaksne går det flest årsverk med til bustader med fast personell (41 prosent), og 27 prosent av årsverka går til kategorien behandling, oppfølging, rehabilitering og koordinering/fagleg leiing, medan 20 prosent går til heimetenester/ambulante tenester til personar som er heimebuande. Vidare går 12 prosent av årsverka til ulike arbeids- og aktivitetstiltak. Dette er berre marginale endringar i den prosentvise fordelinga på tiltak for vaksne frå 2019 til 2020. I tenester til barn og unge, går 46 prosent av årsverka til kategorien "Behandling, oppfølging, rehabilitering og miljøarbeid", og like mange til helsestasjon- og skulehelseteneste og åtte prosent til aktivitetar, kultur og fritidstiltak.

Det har vore eit mål å erstatta/inkludera IS-skjemeta med laupande årleg datainnsamling i KOSTRA, ved tilfredsstillande løysingar. Dette gjeld først og fremst årsverk. Rapporteringa av IS 24/8, som blir utført av Sintef, har også ein kvalitativ del, med omfattande spørsmål som blir bytta ut frå år til år, og etter kva som er ønskjeleg og relevant å få meir informasjon om. Denne forskingsbaserte delen har vore ønskjeleg å halda utanfor KOSTRA.

Arbeidsgruppa ser at det er stadige utfordringar med å innhenta opplysningar om årsverk på tilsvarende nivå som blir samla inn via Sintef, - det vil seia årsverk fordelt på vaksne/barn og unge, og nå også brukar- og pasientforlaup. Ein kombinasjon av register- og skjematal kan vera ei mogleg tilnærming. Tilsvarande har ein begynt å sjå på meir detaljert fordeling på ulike deltenester innanfor helsestasjons- og skulehelsetenesta, der registertal ikkje er tilstrekkeleg detaljert til alle føremål. SSB inkluderte ei årsverksrapportering der kommunane blei bedne om å fordela førehandsutfylte registertal på dei ulike deltenestene for første gong i KOSTRA skjema 1 for 2017-årgangen. Rapporteringa har blitt gjentatt for årgangane i perioden 2018-2020.

Ei kvalitetsvurdering gjennomført av dei innrapporterte årsverkstala for 2017 konkluderte med at kvaliteten ikkje er god nok til at ein vil bruka desse tala i samband med KOSTRA-publiseringa. Ei tilsvarande kvalitetsvurdering av dei innrapporterte tala for 2018- og 2019-årgangen (<https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/arsverk-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten--449013>) konkluderer med at kvaliteten på nasjonale tal for årsverk som blir rapportert gjennom KOSTRA som relativt god for helsestasjons- og skulehelsetenesta samla og fordelt mellom dei ulike deltenestene. Kvaliteten på tala blir rett nok meir usikre når dei blir brotne ned på lågar geografisk nivå, og usikkerheita er størst knytt til fordelinga av årsverk på dei minste deltenestene.

SSB anbefaler å vidareføre årsverksrapporteringa gjennom KOSTRA, og halda fram med oppfølging av kommunar som har store avvik mellom tal for årsverk som er hhv. rapportert gjennom KOSTRA og henta frå register. SSB anbefaler dessutan å vidareføra publisering av tal for årsverk frå register som offisiell statistikk.

HOD, som er dataeigar av KOSTRA-skjema 1, står samstundes fritt til å bruka tala til sine føremål.

6.1 Utarbeiding av skjema

Ikkje relevant.

6.2 Kontollar i skjema

Ikkje relevant.

6.3 Innsamling av data (rapportering)

Ikkje relevant.

6.4 Bearbeiding/revisjon og kontroll

Ikkje relevant.

6.5 Publisering

Psykisk helsearbeid og rusarbeid publiserte førebelse tal for 2020 i statistikkbanken 15. mars. Endelige tal for 2020 blei publisert 15. juni. Her blir det publisert to tabellar:

- Utvalde nøkkeltal for psykiske helsearbeid og rusarbeid i kommunane (www.ssb.no/tabell/12229)
- Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane – grunnlagstal (www.ssb.no/tabell/12228)

26.juni 2018 blei Psykisk helse og rus lagt til som eige område i KOSTRA-nøkkeltal/kommunefakta (<https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra>).

6.5.1 Tabelloversikt av publiserte tabeller i statistikkbanken

Følgjande nøkkeltal blei publisert på <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra> 26.juni 2018:

Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)

Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)

Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)

Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)

Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)

Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)

Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)

Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)

Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)

Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)

Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)

Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)

Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)

Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)

Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)

Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)

Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser og / eller rusmisbrukere (prosent)

Andel med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)

Nøkkeltala er dei same som blir publisert i statistikkbanktabellen «Utvalde nøkkeltal for psykiske helsearbeid og rusarbeid i kommunane» (www.ssb.no/tabell/12229)

I tillegg blir tabellen Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunane – grunnlagstal (www.ssb.no/tabell/12228) publisert, og inneholder følgjande variablar:

Brutto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (1000 kr)
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer (1000 kr)
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)
Avtalte årsverk av psykiatriske sykepleiere (årsverk)
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid (helse og sosial) (antall)
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid (helse og sosial) (antall)
Nyinnflyttede med psykiske lidelser (antall)
Nyinnflyttede som er rusmiddelmisbrukere (antall)
Nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med en psykisk lidelse (antall)
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)
Befolknings i alt (antall)
Befolknings 18-66 år (antall)
Nyinnflyttede med psykiske lidelser og/eller rusmisbrukere (antall)
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere fra aktører utenfor kommuneforvaltningen (antall)
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere i påvente av spesialisert behandling (antall)
Psykiske lidelser, på venteliste (antall)
Personer med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere, på venteliste (antall)
Rusmiddelmisbrukere på venteliste (antall)
Rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser, på venteliste (antall)

6.5.2 Tabelloversikt over avslutta tabeller

Følgjande tabellar er avslutta for psykisk helsearbeid og rusarbeid:
 10441: Psykisk helsearbeid og rusarbeid - nøkkeltall (K) (avslutta serie) 2004 – 2016 (<https://www.ssb.no/statbank/table/10441/>)

6.5.3 Endring av variablar

Det var ingen endring av variablar ved publiseringa i år.

6.5.4 Fjerning av variablar

Det var ingen variablar eller nøkkeltal som er fjerna frå dei publiserte tabellane. Samtidig hadde følgjande variablar ingen nye tal for 2020-årgangen grunna at dei ikkje lenger inngjekk i rapporteringa i KOSTRA-skjema 13 Kommunale bustader:

I tabellen 12228 Psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunene – grunnlagstall:

- *Nyinnflyttede med psykiske lidelser (antall)*
- *Nyinnflyttede som er rusmiddelmisbrukere (antall)*
- *Nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med en psykisk lidelse (antall)*
- *Personer med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere på venteliste (antall)*
- *Rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser, på venteliste (antall)*

I tabellen 12229: Utvalgte nøkkeltall for psykisk helsearbeid og rusarbeid:

- *Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)*
- *Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)*
- *Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)*
- *Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)*

6.5.5 Nye variablar

Det blei publisert to nye indikatorar med tal for 2020-årgangen i nøkkeltalstabellen. Dette var følgjande:

- Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser og / eller rusmisbrukere (prosent)
- Andel med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)

Det blei publisert to nye variablar i grunnlagstabellen, som var følgjande:

- Personer med psykiske lidelser og / eller rusmiddelmisbrukere, på venteliste (antall)
- Nyinnflyttede med psykiske lidelser og/eller rusmisbrukere (antall)

6.5.6 Endring av innhald i eksisterande variablar

Det var ikkje endring i allereie eksisterande variablar bortsett frå variablane som ikkje lenger blir oppdaterte med nye tal, jf. punkt 6.5.5 ovanfor.

6.6 Brukarreaksjonar

SSB har ikkje motteke spesielle brukarreaksjonar knytt til publiseringane 15.mars og 15.juni for psykisk helsearbeid og rusarbeid.

Nokon etterlyste nøkkeltalesom gjaldt nyinnflytta og personar på venteliste som ikkje lenger blei oppdaterte med nye tal. Dei blei då gjort merksame på kva indikatorar som har erstatta desse for 2020-årgangen.

7 Anna

7.1 Målgrupper i heimetenesta, fordeling av utgifter etter målgrupper på funksjon 254 og ny heimetenestekartlegging

Dokumentasjon:

<http://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/hjemmetjenestens-malgrupper-og-organisering>

For meir om målgrupper i heimetenesta og fordeling av utgifter etter målgrupper på funksjon 254 blir det vist til arbeidsgrupperrapporten for KOSTRA helse- og omsorg. Dersom ei slik rapportering av utgifter fordelt på målgrupper kjem på

plass i KOSTRA, er det grunn til å anta at desse tala kan inngå i statistikken for psykisk helsearbeid og rusarbeid ein gong i framtida. ASSS-nettverket for pleie og omsorg, som held i dette, har gitt Oslo Economics i oppdrag å gjennomføra eit forskingsprosjekt, der dei skal sjå på fordelar og ulemper ved ulike splittingar i målgrupper for funksjon 254. Oppdraget skal resultera i ein sluttrapport som skal være ferdigstilt for presentasjon i Samordningsrådet i september.

Våren 2021 gjennomførte SSB ei ny kartlegging av heimetenesteverksemder via KOSTRA skjema 6 Heimetenesteverksemder. Dette er ei oppfølging frå kartlegginga som blei gjennomført hausten 2014. Resultata frå denne kartlegginga vil bli presentert i ein SSB-rapport mot slutten av 2021. For meir om denne kartlegginga, sjå arbeidsgrupperapporten til KOSTRA helse- og omsorg.

8 Referansar

SINTEF: Kommunalt psykisk helse- og rusarbeid 2020: Årsverk, kompetanse og innhold i tjenestene: <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/kommunalt-psykisk-helse-og-rusarbeid-%C3%A5rsrapporter/Kommunalt%20psykisk%20helse-%20og%20rusarbeid%202020.pdf/> /attachment/inline/c40e5784-a262-48ef-ba65-afe1bb3a35bf:5a3a258326564ea73310d8c4a23acb18ab4c5db7/Kommunalt%20psykisk%20helse-%20og%20rusarbeid%202020.pdf

9 Vedlegg